



**2018**

# Årsmelding Norheimsund indremisjon



Eli Skåland Tveitane

## Innhald

Norheimsund indremisjon.....	2
NIM arbeidet i 2018 .....	2
Satsingsområda: 1. Tenestegrupper på søndagsmøter for alle og 2. Awana..... <b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>	
Fellesskapsutvikling.....	4
Rekneskap .....	5
Tilrådingar for det vidare arbeidet.....	5

## Norheimsund indremisjon (NIM)

Norheimsund indremisjon er tilslutta Indremisjonssamskipnaden og derigjennom Indremisjonsforbundet. Arbeidet skjer i Norheimsund bedehus som Norheimsund indremisjon eig og driv sjølv.

Styret har i 2018 hatt følgjande samansetjing av valde medlemmer: Eli Skåland Tveitane (leiar), Tore Skeie (nestleiar), Ole Bjørn Kristensen (skrivar), Sølvi Mongstad (styremedlem), Solveig Norheim (kasserar), Audun Aase (1. vara) og Jakob Bjørke (2. vara, møtte fast i hausthalvåret på grunn av ulike melde fråvær). Styret har gjennomført elleve styremøte, to medlemsmøte, éi inspirasjonssamling for medarbeidarar og handsama 75 (78) saker i 2018 (2017).

Husstyret har hatt følgjande samansetjing: Ole Håland (leiar), May- Oline Opsahl-Engen (nestleiar), Ingrid Selvik Undal (skrivar), Steinar Flaten (styremedlem), Arthur Strømme (1. vara), Solfrid Svåsand (2.vara).

Valkomiteen har hatt følgjande samansetjing: Hans Gravdal, Herdis Austevoll og Kjell Strømme. Frå styret har Sølvi Mongstad møtt. Komiteen konstituerer seg sjølv.

Vidar Sangolt har vore tilsett i 15 % stilling som ungdomsarbeidar, der 10 % er knytt til ungdomskoret og 5 % til andre oppgåver som Origo- oppfølging, utleige og heimeside. Mange gjer i tillegg ein stor frivillig innsats i tenesteteam på søndagsmøte og allesamansamlingar, vask av bedehuset, vaktmeisterteneste, Junior Ving, T&T, Shine (NLM), Soul Children (Soul Children/Acta), tysdagsmøte, bønemøte, andaktar på Toloheimen og Ein God Dag.

Styret vil retta ein stor takk til alle som tek del på ein eller annan måte i arbeidet på bedehuset. Saman er me Jesu lekam som bringer Jesus nær alle dei menneska me møter og tener. Me vonar at kvar enkelt opplever det som ein rikdom å vere i den tenesta ein har. Styret ønskjer å styrka tanken om at me er eit tenande fellesskap saman, til Guds ære og hjelp for våre medmenneske. Eit dekkabord med fire stolar rundt karakteriserer den kristne fellesskapen; me møter Jesus når me samlast i Hans namn, me møtest med kvarandre til trøyst og oppmuntring, og så er det ein tom stol som minner oss om han eller ho som ikkje endå har funne heimatt til Gud vår Far. Å tenkja slik utfordrar oss både i utforming av møte og korleis me kan vera inviterande saman og kvar for oss.

Me vil også takka andre organisasjonar og lag som nyttar bedehuset som utgangspunkt for aktivitet i ulike lag! Styret ønskjer å leggja til rette for at me kan samarbeida godt vidare om oppdraget om å gjera menneske til Jesu disiplar, i lokal og global forstand.

## NIM arbeidet

Innanfor ramma av Norheimsund indremisjon skjer det mange ulike aktivitetar i løpet av veka og året. Måndagen er barn og ungdom sin vekedag, då *Junior Ving* har tilbod for ca 40 barn frå første til tredje klasse annankvar måndag etter *Shine*-øvinga (30 medlemmer). T&T for 4-7.klasse (ca. 15 møter jamleg, 8 betalande medlemmer) har samling annakvar måndag. Kvam Soul Children, som er for same aldersgruppe (14 betalande medlemmer), øver dei andre måndagane. Ungdomskoret byter på å ha øving i Norheimsund og Øystese bedehus annankvar måndagskveld (37 betalande medlemmer).

Bønemøta tysdags morgon kl 07.30-07.55 samlar ei fast gruppe på omlag 10 til forbøn for enkeltpersonar og arbeidet. Tysdagsmøta vert haldne om lag annankvar veke gjennom det meste av året. Temaet i 2018 har vore Medvandring. I tillegg til vanlege møte, har det vore temasamlingar om Awana v/ Andreas Evensen (IMF-ung), «Barn og mediebruk» v/ Jarle Haugland i Tro og Medier og «Ekteskapet, barnet og Bibelen – i ei kjønnsnøytral tid» v/ Øivind Benestad frå MorFarBarn stiftinga.

Kvar fredag har Origo samlingar for ungdom. I haust har det vore godt frammøte med ein fast gjeng på 10-15.

Søndagen har det vore samling omlag annankvar veke i 2018, med veksling mellom søndagsmøte og allesamansamling (vidareføring av storsamling). For det meste er det samlingar dei søndagane det ikkje er gudstenesta i Norheimsund kyrkje. Malen for søndagsmøtet som vart vedteken i det førre styret, har blitt gjennomført i stor grad. Lovsingsbolk og noko for barna dei første 20 minutta før dei går ut til sine respektive samlingar, skal vera med. Rett før talen går barna under skulealder til Cubbies og dei over skulealder til Sparks. Dei aller minste kan foreldra finna leiker til bak i veslesalen. I hausthalvåret kom også T&T i gang på søndagar ei gong i månaden. Det har vore noko varierende, men ei stabil gruppe på omlag 15 barn totalt møter jamleg. Eit heilskapleg tilbod for barn har også gitt tydeleg og stabilt frammøte av småbarnsfamiliar søndagane, med totalt deltaking på 80 – 100.

Andre samlingar i regi av Norheimsund indremisjon har vore 17. mai-fest, opningssamling m/middag i august og julesamling med middag i romjula. Det har jamt over vore godt frammøte, frå 60 - 90. Inspirasjonssamlinga for medarbeidarar hadde me saman med Øystese indremisjon i oktober. Ein måndag på nyåret var det Heilage tre kongars fest arrangert av barnelaga og -kora, noko som etterkvart har blitt ein fin tradisjon m/ middagsservering. Styret har arbeidd med å få til forsamlings-weekend på Helgatun, men utan hell. Dei helgene det har vore ledig, har det vore større arrangement i bygda slik at det ikkje er aktuelt (gjeld også 2019).

Det har også vore gjennomført eit viktig arbeid for enkeltpersonar utanom bedehuset mellom anna med månadlege andaktar på Toloheimen og Tolo Omsorg. Ein God Dag 2018 vart organisert på femte året ei veke i månadsskiftet april/mai. Vel 25 medarbeidarar og 12 oppdrag pluss turgåing med omlag 20 eldre på Toloheimen.

Styret vil gjerne få takke alle som på ulikt vis deltek i det nemnde arbeidet. Me ønskjer å vera eit raust, godt fellesskap om Jesus, vår Frelsar. Så ønskjer me også å gjera ein forskjell for lokalsamfunnet vårt og i det verdsvide misjonsarbeidet.

I tillegg arrangerte IMS forsamlingskonferanse hos oss også i 2018 med nådegåver som tema. Konferansen samla mange frå ulike delar av Hardanger og Voss, og me opplevde det som både ei nyttig og inspirerende samling.

## Satsingsområda

### Tenesteteam på søndagsmøter for alle

Frå 2016 har det vore arbeidd med faste rammer for søndagsmøta på bedehuset slik at opplegget var gjenkjenneleg frå gong til gong og familievenleg. Frå 2017 har indremisjonen for det meste hatt ansvaret for møta annankvar veke, men misjonar har bidrege med talar, misjonsinformasjon og fått kollekten (med fråtrekk for husleige og annonse). Alternativt har misjonsorganisasjonar hatt møte, men etter same leist som NIM, som står for barnegrupper og forbedartenesta. Dette har gitt meir føreseieleg møter og meir stabilt og godt frammøte samstundes som me ivaretek engasjement for ytremisjonsarbeidet. Samstundes krev dette fleire folk i oppgåver, omlag ulike 50 namn står på ansvarsmatrisa! Styret oppmodar medlemene om å gå inn i oppgåver dei likar og/eller kjenner dei har nådegåver til. Slik kan det verta eit tenande fellesskap. Dei månadlege allesaman-samlingane har hatt komp og forsongarar. Her skulle me gjerne hatt fleire faste medarbeidarar slik at til dømes kunne vera to faste arbeidslag som delte ansvaret for forsong og komp. Siste året har det også vore fokus på å ha fast tilbod om samtale og forbøn knytt til møta. Fleire er engasjerte og stiller opp som frivillige, men tilbodet vert brukt mindre enn det me venta.

## AWANA, barne- og ungdomsarbeidet

Frå 2017 har me hatt Awana, eit konsept med systematisk bibelopplæring for barn og unge. Det første året hadde me kun kapasitet til å ha delte grupper ei gong i månaden, på allesamansamlinga. Det var lite tilfredstillande, men ein måte å koma i gang med opplegget og rekruttera medarbeidarar. Siste semesteret har me hatt Awana-grupper for både dei under og over skulealder fast annakvar søndag, med snitt på 15 barn på samlingane totalt. Det har gitt eit mykje meir heilskapleg opplegg. Heimebøkene har blitt prøvd ut litt hausten 2017, men vil bli tekne i bruk meir systematisk for SPARKS sitt vedkomande i 2019. Andreas Evensen frå IMF-ung var på besøk i vår og gav nyttig oppfølging i tillegg til den opplæringa fleire av leiarane har fått på AWANA-konferansar og IMF leiarsamlingar. Det er vesentleg for å lukkast med AWANA-grupper at me har samlingar på alle møte, får rutinar for å dela erfaringar, rekruttera og ta vare på medarbeidarar. 3 elevar frå 2.klasse på Framnes har vore med i haust. I 2018 har også aldersgruppa 4. – 7. klasse, T&T, hatt full Awana-pakke på måndagar (ca. 15 tweens). JuniorVing brukar undervisningsmaterialet til SPARKS i andaktar, men følgjer ikkje AWANA-opplegget elles. Det har teke tid å arbeida inn dette nye opplegget slik det er tenkt brukt både på bedehuset og i samarbeid med heimen. Med dei justeringar som vert gjort etter kvart, har me tru for at dette kan verta eit tenleg hjelpemiddel i arbeidet med systematisk opplæring for barn og unge. Takk til alle som har vore med å dra det i gang! Styret ønskjer å oppmuntra medarbeidarar til å delta på konferansar og vidareutvikla dette arbeidet. Skal me utvida tilbodet, trengs det fleire medarbeidarar som kjenner opplegget og er glad i barna.

Indremisjonsforbundet gjennomførte sin andre leiarkonferanse ei helg i november på Straume Forum/Bibelskulen på Bildøy. Konferansen inneheld mange nyttige kurs og seminar (også AWANA-seminar), og det er rikeleg høve til å treffe likesinna frå mange ulike lag i indremisjonen. I år deltok tre frå styret, det var til stor inspirasjon. Styret ser det som viktig at Norheimsund indremisjon er breitt representert på slike samlingar med representantar frå barne- og ungdomsarbeid så vel som styremedlemmer.

## Fellesskapsutvikling

### Tilbakemeldingar frå medlemsmøta

I dei to medlemsmøta som er avhaldne i 2018 kjem det fram at mange er nøgde med at det er ein god atmosfære på bedehuset, det er godt å vera i fellesskapet. Auka oppmøte på søndagsmøta, bevertning, barne- og ungdomsarbeidet og tysdagsmøta er også trekt fram som noko ein er glad for. Barnegruppene må styrkjast, lovsongen kan vidareutviklast, nådegåver må både forkynnast og oppmuntrast til å brukast. Samtale og forbønstenesta bør også vidareutviklast. Av utfordringar er det også nemnt at me har for lite fokus på «nye for Jesus», opplæringa er for lite strukturert og disippelkultur er manglande. Hjartesukka for arbeidet vårt går på at me må få med fleire nye, også innvandrarakar, i fellesskapet vårt, og det må forkynnast om nådegåvebaserte tenester. Me medlemer er ikkje gjester, me er vertskap.

Når det gjeld korleis me ser på oss sjølve, tenkjer fleire at me er undervegs eller halvveges til å verta ei forsamling. I arbeidet med ny visjon er innspela ar me ønskjer å vera eit inkluderande, ope, tilbedande fellesskap som byggjer fellesskap, forkynner Guds Ord (bibeltruskap) og går ut (misjonal).

Styret har i arbeidet sitt hatt fokus på dei nemnde satsingsområda over, og har ikkje jobba noko særleg med alternative modellar for organisering. Spørsmålet om tilsetjing av løna medarbeidar har vore arbeidd med, men utan at det har resultert i noko tilsetjing.

## Rekneskapan

Ei eiga økonomi-nemnd har jobba med å få ein meir stabil økonomi i laget. Særleg har det vore arbeidd med å få ei sterkare grad av fast gjevarteneste som basis for økonomien. Det har vore oppløftande at så mange har gått inn i den faste gjevartenesta.

På møta har bruk av Vipps auka vesentleg i høve til den vanlege kollekten, og utgjer ca 30% av totalen.

Årsresultatet er svært godt med eit overskot på ca. 160.000. Dette skuldast stor gjevartilje saman med at investeringar på bedehuset har vore moderate. Sum inntekter er 673.461, utgifter inkl. finans 512.752. Vindusskift i hovudetasje er utgiftsført med 70.000.

Banklån ved utgangen av året er ca. 106.000 (opphavleg 350.000). Innestående i bank er ca 265.000.

## Tilrådingar for det vidare arbeidet

- Arbeida med NIM sin visjon som kan gje tydeleg retning
- Skapa eigarforhold til satsingsområda:
  1. Disippelkultur
  2. Awana- modellen i barne- og ungdomsarbeidet
  3. Tenestegruppe struktur
- Strukturert undervisning
- Arbeida vidare med organisering/tilsetjingar
- Forsamlings-weekend hausten 2019 på Wallentunet.

Norheimsund, 19.januar 2019,

Styret for Norheimsund indremisjon

---

Tore Skeie

Solveig Norheim

Ole Bjørn Kristensen

---

Sølvi Mongstad

Audun Aase

Eli Skåland Tveitane